



Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2760 - 17/25644

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.09.2017

Svar på førespurnad som gjeld ferdigattest for bustad - gbnr 137/562 Alver

Vi viser til din førespurnad mottatt 30.08.2017 som gjeld avslutning av byggesak på gbnr 137/562.

For å få avslutta saka tenker vi at tiltakshavar kan ta på seg ansvar som sjølvbyggjar for dei områda som det manglar ansvarlege føretak for. Det må følgja med søknaden ei skildring/tilstandsrapport av arbeidet som er utført. De legg vidare med gjennomføringsplan med dei opplysningane som de har og teikningar som viser tiltaket slik det framstår i dag.

Dersom det er utført arbeid som ikkje er omfatta av byggjeløyvet som er gitt og som er søknadspliktig, må desse legaliserast gjennom søknad om endring av tiltaket. Innreiing av uinnreia loftsetasje vil koma inn under reglane for bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei bruksendring. Dette er eit tiltak som ikkje krev bruk av ansvarlege føretak og som tiltakshavar sjølv kan stå for. Naudsynt teikningsdokumentasjon må leggjast ved. Endringsmeldinga må vera godkjend før det kan søkjast om ferdigattest.

Bygget er plassert i kartet og det er ikkje trong for ytterlegare dokumentasjon av plasseringa av bygget.

Vi har elles bestilt kopi av byggjesaka på eigedomen. Digital kopi vil truleg liggja føre i løpet av neste veke. De kan då få innsyn i saka om ønskeleg.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Elisabeth Gjertsen Heradstveit	Ikenberget 19 A	5911	ALVERSUND
Trond Øystein Heradstveit	Ikenberget 19 A	5911	ALVERSUND

Mottakrar:

Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--------------------------------------	------------	------	----------